

Innspel til stortingsmelding om «livslang læring og utenforskap».

Stutte utsyn til stortingsmelding sett frå rektor ved Fjell vaksenopplæring

Manglande status og manglande vilje

Er det eit reelt ønskje og ikkje minst vilje til å gje vaksenopplæring nødvendig status? Kvifor er det slik at så få vil gjera seg nytte av den opplæringa som kommunal vaksenopplæring kan tilby? Ein har høyrt nokon kalla kommunal vaksenopplæring skulesystemet sin fattige fetter (Grepperud). Mange av dei 400 000 som i for liten grad har dugleik i lesing, skriving og rekning kjenner kanskje på skam over ikkje meistre? Ein naturleg reaksjon for mange vil vera å trekkja seg tilbake og prøve å skjula sine manglar.

Ei vurdering av skulebygg knytt til vaksenopplæring, kan vera nok til å forstå at det ofte er liten realpolitisk vilje i Norges land til å plassera kommunal vaksenopplæring i «signalbygg». Korleis får ein kommunar til å ta fram den gode viljen, for å få tilbake på sporet vaksne som er på sidelinja?

Kanskje kan det vera realøkonomisk lønsamt å investere meir i vaksne si læring av basisferdigheiter? Kanskje kan mange barn få betre rammer for si læring med foreldre som i vaksen alder har lært seg ferdigheter i lesing, skriving og rekning? Etter mitt syn vil større vektlegging av status kunne gjera noko med rekrutteringa.

Vaksenopplæringa i den einskilde kommune blir ofte aleine. Ein blir kanskje i liten grad tatt med på råd eller huska på når det «store toget» med barn og unge skal fram. Fagleg fellesskap finn ein med andre kommunar si vaksenopplæring.

Kanskje burde ein i større grad formalisera samhandling ut over kommunegrenser, slik at ein kan ivareta vaksenopplæring på ein god, lik og rettferdig måte?

Respekt i møte med dei som vågar seg ut døra for å læra

Det kan vera mykje skam gøynt bak gardiner i Norges land. Kanskje kan ulike lovverk opplevast uttydeleg. Kanskje har embetsverk hatt tradisjon for å opptre som «skrankepave», utan å vita det sjølv? Kanskje er det for liten samhandling mellom ulike lover for dei som står utanfor?

Kanskje burde samfunnet Norge gjera tydeleg ein kultur for respekt og oppmuntring av borgarar som opplever å ha «knekt nøkkelen i låsen»? Kanskje er det tenleg med i større grad av indre fokus hos den einskilde? Det å bli eit litt betre menneske kvar dag kan vera eit føremålstenleg mål for alle menneske, uansett livssituasjon eller alder. Dette skaper heller ikkje taparar. Dette fokuset kan og vera føremålstenleg i møte med andre som ønskjer å læra noko nytt.

Det ein kan slå fast er at etniske nordmenn i liten grad gjer nytte av tilbodet om grunnskuleopplæring. Er det grunna traumatiske opplevingar i eiga skuletid? Kan me sjå dette i samanheng med fråfall frå vidaregåande skule? Er samfunnet i for liten grad tilpassa gutter/menn?

Det som ofte blir løfta fram som det viktigaste for eit menneske, er å vera del av ein samanheng. Dette skal vera viktigare enn både mat og vatn. Viss det er slik, korleis kan me leggja til rette for at menneske som opplever å ha «knekt nøkkelen i låsen», kan bli del av ein ny lærings samanheng. Det blir viktig å ha eit inkluderande perspektiv som må gjelde alle samfunnsborgarar. Alle bør få høve til å ta del i arbeid- og/eller samfunnsliv på ein positiv måte. Alle bør få høve til å kjenna at samfunnet ein er ein del av, både har krav og mogleikar til alle.

Kanskje kan det vera føremålstenleg med gode rettleiarar som har som oppgåve å «sjå» mennesket, og som kan coache mot mål som den einskilde finn eigarforhold til?

Eit torg der ein kan læra og det er godt å vera

Kanskje bør det bli knytt band til næringsliv? Kanskje bør ein lage til sentra som fungerer som eit torg/ein møteplass mellom næringsliv, kommune, NAV og dei som har ulike opplæringsbehov. Teknologiske løysingar i sjølve opplæringssituasjonen kan vera med å gje høve til at dei som har

opplæringsbehov kan skreddarsy tid og stad og innhald til eige liv. Det er på same tid viktig å ha eit edrueleg forhold til teknologiske løysingar.

NAV hadde i si tid kanskje ein visjon om at det skulle vera «ei dør inn til herlegdommen». Det er kanskje nokre riper i den lakken, men det er eit fint bilde. Historier om menneske som får kryptiske brev frå NAV er mange. NAV vart kanskje endå ein offentleg organisasjon som i for stor grad har for på seg sjølv.

Skjema som NAV ber oss fylla ut, er ofte vanskelege å tyda. Når norske filologar slit med tydinga, kan ein tenkje korleis det er for våre nye landsmenn. Det er viktig at samfunnet Norge kjem bort frå den digitale steinalderen.

Kanskje burde ein i større grad retta fokus mot praktisk estetiske fag i læringsprosessen? Det kan sjå ut som om at samfunnet vårt i for stor grad rettar krav om meir kompetanse i høve til lesing, skriving og rekning, utan å ta nok omsyn til at me lærar på ulik måte. Ein større verdsetjing av kompetanse i høve til praktisk estetiske fag kan virka positivt inn på læring, og av basisferdigheiter.

Lover som i for liten grad samhandlar og går i takt

Det er i dag i liten grad samkjøring av opplæringslova og introduksjonslova. Ingen av lovene har forrang. I opplæringslova ligg det mellom anna rettar til å starte på grunnskulefag frå første dag for våre nye landsmenn, viss ein har rett til grunnskuletilbod. Kanskje er det føremålstenleg å gje eit fundament med norskopplæring, før ein startar med eksamensretta grunnskule opplæring?

Realkompetansevurdering

I desse dagar er det mykje fokus på realkompetansevurdering. Tanken er at ein skal anerkjenna kompetanse uavhengig av kor og korleis kompetansen er oppnådd. Føremålet er å dokumentera kompetanse på andre måtar enn gjennom tradisjonelle prøveordningar. Tanken er at ein skal få menneske vidare i grunnskule- eller vidaregåande opplæring.

For å gjennomføre dette må ein ha gode sensorar i fem ulike fag, som gjerne har erfaring med undervisning av minoritetsspråklege. Mindre kommunar kan få problem med å fram skaffa sensorar som har kompetanse til å gjennomføre

dette på ein god måte. Det blir av denne grunn viktig at mindre og mellomstore kommunar samhandlar, slik at ein kan ivareta realkompetanse vurdering på ein god måte.

Det vil i små- eller mellomstore kommune truleg vera få kandidatar som er i posisjon til å få dette på plass. Eg har fått høyre at Trondheim i 2014 hadde 37 kandidatar til realkompetanse vurdering, men berre 10 av desse fekk godkjend. Kanskje skal det i større grad vera ei sentralisering av denne tenesta?

Eit stort vurderingsapparat som berre «kler» eit fåtal personer, kan gje grunnlag for å tenkja at ein burde legga ei anna vurderingsform til grunn.

Kanskje burde vurderingsforma i større grad vera fleksibel både med omsyn til grunnskule og vidaregåande skule sitt innhald?

PPT og nødvendig kompetanse og praksis

PPT skal inn å gje ei sakkunnig vurdering når vedtak er knytt § 4A-2 i opplæringslova. I små og mellomstore kommunar vil PPT i mindre grad få erfaring med å gjennomføra slike vurderinger, fordi talet på elever er lite. PPT skal gjera vurderinger i høve til syn, hørsel, lese- og skrive vanskar, generelle og spesifikke lærevanskar etc. etc. etc. Når lovverket i tillegg kan opplevast utydeleg, kan det vera føremålstenleg med eit fagmiljø som kan ta hand om slike vurderinger på ein lik og rettferdig måte.

Raskast mogleg ut i arbeid eller utdanning

Det bør vera adekvate praksisplasser tilgjengeleg. Det bør vera tette band til aktørar/bedrifter i næringslivet. Våre nye landsmenn og samfunnet Norge er tent med relevante praksisplasser frå første dag. Når ein veit at 90 % av dei som tek mot eit grunnskuletilbod, er våre nye landsmenn, er det kanskje ekstra viktig å ha fokus på arbeid eller vidare utdanning. Det er viktig at metodikken kring praksisplass og er knytt til «ansvar for eiga læring». Opplæring bør ikkje bli gitt berre på opplæringsentra, men også bli gjennomført langt inn i private bedrifter sine lokalar. Det bør tilsetjast fagarbeidarar som kan gå vegen saman med aktuelle kandidatar. Sjølv sagt bør det vera god samhandling mellom bedriftsintern opplæring og opplæring gitt på eit opplæringsenter. Kanskje bør det vera samhandling med organisasjonar som representere våre nye

landsmenn? Gjerne organisasjonar som har erfaring med å drive privat verksemd.

Opplæringa skal ikkje berre vera ein «god stad å vera». Ein skal vidare til den plassen i sitt eige liv eller til det målet ein har sett seg ut. Ein skal som rettleiar ha fokus på at eleven/deltakaren skal «først til framtida i sitt eige liv». Viss alder er større enn skonummer, er det kanskje ikkje føremålstenleg å setja eit mål som krev fleire år med grunnskuleopplæring. Ikkje alle har eit realistisk tilhøve til dette. Skal lovverket her gjera nokre avgrensingar? Me har i vårt samfunn sterke krav til formell kompetanse. Dette kan bli eit dilemma for mange av våre nye landsmenn.

Tilsynsrolle

Slik det er i dag har fylkesmannen tilsynsansvar i høve til opplæringslova og introduksjonslova. Det er eit unntak i høve til tilskot for deltakarar på norskkurs. Her er ikkje fylkesmannen og IMDI samde om kven som har ansvaret i høve til tilsyn. At det her ser ut til å vera uklart kven som har ansvaret, er i uheldig.

Tilsyn blir gjennomført med grunnlag om at loven sin bokstav skal bli ivaretatt. Det treng ikkje vera samanheng mellom å driva lovleg og det å driva med høg kvalitet i tenesta. Mangel på samhandling mellom lover, gjer at det og kan vera fare for at denne form for tilsyn motverkar fleksible løysingar.

Kva viss me hadde eit tydeleg tilsyn som hadde fokus på kvalitet, rettleiing og fleksible løysingar?

Ei digital plattform som definerer rettar og plikter

Eg har tidlegare påpeikt mangel på samkjøring av opplæringslova og introduksjonslova. Eg har også påpeikt at opplæringslova kan opplevast som utydeleg og kan innby til ulik praksis. I høve til introduksjonslova er det NIR (Norsk innvandrar register) som definerer rettar og plikter. Vi gjer vedtak på grunnlag av NIR. Ei digital plattform som har i seg ei samkjøring av fleire lovverk, kunne vera føremålstenleg. Dette vil ta i vare likskapsprinsippet i høve til saksbehandling. På denne plattforma bør vedtaksmalar vere klar, og vera lett tilgjengeleg for vedtak av muligheiter og realistiske mål som den einskilde elever/deltakar ser for seg, helst med både hovud og hjerte.

Odd Steinar Gjøsæter

Rektor Fjell vaksenopplæring